



## Notat

**Til:** Fylkesutvalet, 2.mars 2016

**Frå:** Fylkesrådmannen

## Opplæring for folkevalde 2015-2019

### 1) Historikk

Dette notatet er ei oppfølging av tre tidlegare notat til fylkesutvalet:

- Notat datert 21.september 2015, handsama av FU 30.september 2015 (ESA 15/8314-1)
- Notat datert 26.oktober 2015, handsama av FU 4.november 2015 (ESA 15/8314-2)
- Notat datert 18.januar 2016, lagt fram, men ikkje handsama av FU 27.januar 2016 (ESA 15/8314-3)

Notatet summerer opplæring som er gjennomført og skisserer eit opplegg for gjennomføring av resterande opplæring for folkevalde.

Fylkesrådmannen ønskjer fylkesutvalet si godkjenning av følgjande:

- Dato for gjennomføring av resterande opplæring (18.april og 12.mai d.å.)
- Tidspunkt for politiske temadagar om
  - Klimapolitikk (FT-sak 58/15)
  - Samferdsletema (tunnel, naudnett mv)

### 2) Gjennomført opplæring for folkevalde

Basert på skissa frå notatet datert 26.oktober f.å., vart følgjande opplæring gjennomført 24.november f.å.:

- Politisk og administrativ organisering
- Godtgjersle og føring av reiserekning
  - Godtgjersle og refusjon forapt arbeidsforteneste
  - Pensjon og forsikring
  - Frikjøp
  - Reisrekning og refusjon av utgifter
  - Diverse avgrensingar
- Juridiske emne og praktiske forvaltningspørsmål
  - Møteplikt og melding av forfall
  - Ugildskap
  - Dokument- og møteoffentlegheit
  - Teieplikt

Grunna ekstraordinært fylkesting 23.november f.å., måtte restarande opplæring utsetjast.



### 3) Framlegg til gjennomføring av attståande opplæring

Opplæring som står att går fram av tabellane i punkt 3.1. og 3.2. under, og fylkesrådmannen tilrår at dette blir gjennomført 18.april (dagen før fylkestinget 19.april) og 12.mai.

#### 3.1) Opplæring mv 18.april

Fylkesrådmannen gjer her framlegg om ein opplæringssekvens frå kl. 13 - 16 (ytre tidsrammer), deretter ein sekvens politikardag (inntil 1,5 time), slik at FU vil kunne starte sitt møte kl.18.

Skisse opplæring 18. april 2016	Tidsbruk
Regionreforma	30 minutt
Folkevald: Roller og ansvar <ul style="list-style-type: none"> <li>• Representere innbyggjarane</li> <li>• Styringsrolle/ansvar</li> <li>• Leiarrolle/ansvar</li> <li>• Arbeidsgjevarolle/ansvar</li> </ul>	120 minutt
Eigarskap <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktivt eigarskap</li> <li>• Roller og rolleblanding</li> <li>• Våre rutinar knytt til oppfølging av eigarskap</li> </ul>	
Regional planlegging <ul style="list-style-type: none"> <li>• Føringer for og innhald i planlegginga</li> <li>• Arbeidsformar</li> </ul>	30 minutt
<b>Totalt</b>	<b>3 timer</b>

Temaet *Folkevald: Roller og ansvar* ønskjer fylkesrådmannen å gjennomføre med bistand frå KS.

Temaet *Eigarskap* vil fylkesrådmannen gjennomføre i samsvar med det som er gitt i eigarmeldinga for 2015, punkt 3.3, generell del (FT-sak 0036/15) der det står:

#### 3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap

Det er vedteke ein plan for opplæring av folkevalde om eigarrolla for å styrke den fylkeskommunale eigarskapen.

##### Plan

Innan 6 månader etter fylkestingsvalet, skal dei folkevalde få opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging, samt status for selskapa. Etter 2 år skal det haldast eit oppfriskingsseminar.

##### Innhald

Det er viktig at dei folkevalde har kompetanse knytt til regelverket for eigarstyring og kva styringsmøglegheiter dei har for dei selskap fylkeskommunen har eiga delar i. Dei folkevalde må få innsikt i ulike roller som folkevald, styremedlem og representant i eigarorganet til selskapet. Det er behov for at dei folkevalde er bevisst dei ulike rollene, styringslinene og ansvarsfordelinga mellom dei ulike organa for å kunne utøve best mogleg aktivt eigarskap. Opplæringa vil klargjere korleis eigarkommunikasjon til eigarorganet i selskapet skal skje. Tidspunktet for opplæring vert bestemt av fylkesutvalet. ”

##### Kort om opplæring av styremedlemmar

Fylkestinget er av den oppfatning at det enkelte selskap har ansvar for opplæring av sine styremedlem når det gjeld rettslege råmen som har betydning for selskapet, samt kunnskap om selskapet sitt føremål, verksemd, vedtekter, organisasjon og historie. Fylkeskommunen som eiga gjev styrrepresentantane naudsynt selskapsinformasjon i [Del II – VERKSEMDSOVERSIKT](#), her mellom anna selskapet sitt føremål og eiga sitt føremål med eigarskapen. I enkelte tilfelle der fylkeskommunen direkte peiker ut representantar til styret kan det etter ei nærmare vurdering vere hensiktsmessig at eiga gjennomfører eigen innføring/opplæring av styrrepresentanten.

#### 3.2) Opplæring mv 12.mai.

Andre opplæringsdagen er lagt til 12.mai. Viss denne startar kl. 10 og inkluderer ein sekvens om kommuneproposisjonen for 2107 (kjem 11.mai), sjå tabell under, kan vi legge inn ein sekvens politikardag (inntil 1,5 time) også her, og starte møta i hovudutvala kl. 14.30/15.00.

Skisse opplæring + KP 12.mai 2016	Tidsbruk
Økonomi og budsjett	45 minutt
Tilbodsstruktur i vidaregåande opplæring	45 minutt
Orientering om kommuneproposisjonen 2017	30 minutt
Lunsj	60 minutt
<b>Totalt</b>	<b>3 timer (inkl. lunsj)</b>

#### 4) Tema for politikardagar i løpet av 2016 og 2017

Fylkesutvalet signaliserte i møte 25.november f.å. nokre *problemstillingar innanfor samferdsle* (tunnelforskrifta, skredsikringsbehov, naudnett mv) som aktuelle for ein politikardag.

8.desember 2015 fatta fylkestinget slikt vedtak i sak 58/15 *Rullering av handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017:*

1. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for klima og miljø 2016 – 2017 med slike tillegg:
  - A. Fylkeskommunen skal stille klimakrav til bedrifter vi eig i, handlar med eller investerer i. Bedrifter vi eig i skal rapportere på klima- og miljøverknader i eigarmeldinga. Fylkesutvalet får i oppgåve å avgjere korleis dette skal konkretiserast.
  - B. Fylkestinget skal ha ein temadag om klimapolitikk.
2. Rapportering på tiltaka og rullering av handlingsprogrammet vert gjort i 2017.
3. Tiltak frå handlingsprogrammet skal innarbeidast i andre regionale planar.
4. Tiltak frå handlingsprogrammet som krev ekstra løyingar må ev. vurderast i budsjettprosessane.
5. Fylkesrådmannen får mandat til å organisere oppfølging av vedteke handlingsprogram.
6. Fylkestinget syner til innskjerpa krav til miljøvekting i offentlege anbod på minst 30 pst. og at Stortinget varsler mål om lav-og nullutsleppsteknologi på alle nye ferjer, drosjer og rutebåtar. Fylkestinget ber om ei eiga rullering om desse punkta i handlingsdelen i klima- og miljøplanen i 2017.

**Tilføyning til punktet:** Legge til rette for aktørar som ynskjer å byggje nullutsleppshus og lafta hus

I e-post til Planutvalet, datert 27.januar d.å., viser Stein Faleide Malkenes (MPG) til FT-sak 58/15 og til Paris-avtalen frå desember 2015. Han skriv følgjande:

«Miljøpartiet Dei Grøne ønsker å invitere Planutvalet til å følge opp Parisavtalen noko tettare enn dagens orientering presenterte og starte eit arbeid med å konkretisere krava derfrå til vårt fylke med utgangspunkt i følgande:

1. Kva for konsekvensar vil Parisavtalen ha for fylkeskommunen og for Sogn og Fjordane fylke?
2. Korleis skal dette identifiserast?
3. Korleis skal fylkeskommunen og andre fylkesorgan arbeide vidare med dette?
4. Kva vil vere rimeleg framdrift, involvering og organisering av eit slikt arbeid?
5. Kva for koplinger ligg til vedteken Handlingsprogram for klima og miljø 2016 - 2017, og er det behov for å gjøre konkrete endringar eller tillegg til denne?

Planutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med eit notat fram mot politikardagen der «miljø» er tema; der desse spørsmåla vert drøfta og vurdert, med framlegg til moglege behov for vidare oppfølging og eventuell framdrift for dette.»

Fylkesrådmannen tek med dette som eit innspel til planlegginga av temadag om Klimapolitikk.

Fylkesrådmannen tilrår følgjande:

- Temadag om Samferdsle blir gjennomført hausten 2016
- Temadag om Klimapolitikk, herunder oppfølging av Paris-avtalen, blir gjennomført våren 2017
- Fylkesrådmannen kjem attende til fylkesutvalet med skisse til program for desse to temadagane for endeleg avgjerd.

- Fylkesrådmannen ber om fylkesutvalet sine ev. merknader til dette notatet.
- Eg ber og fylkesutvalet vurdere om vi kan planlegge ein temaøkt om Samferdsla i tilknyting til planlagd politikardag 21.november 2016.

